



# Bygdenytt

eit informasjonsblad frå Valle kommune

JUNI 2025



## SENTRUMSFROKOST I VALLE SENTRUM

**FROKOSTEN STARTAR KL. 10.00**

**KL. 11.00 – UNDERHALDNING BEGYNNER MED  
LEIKARRINGEN OG KULTURELLE INNSLAG. E.76 KJEM OG  
SPELAR.**

**KL. 14.00 – SENTRUMSLØP MED BARNELØP OG 10 KM LØP.  
START ER MIDT I VALLE SENTRUM.**

**BRUSTEINSBALLET BEGYNNER KL. 20.00 PÅ KVELDEN. E.76  
SPELAR OPP TIL DANS! SJÅ EIGE ARRANGEMENT.**

**KL.10.00**

**LAURDAG  
28.JUNI**

**2025**



## VALLE OG BYKLE LEGEKONTOR

**Valle og Bykle legekontor har samdrift i Bykle  
frå og med veke 25 til og med veke 32.**

## KOMMUNEN INFORMERER

### Arbeidet med samfunnssdelen i ny kommuneplan for Valle kommune er i gong!

No er arbeidet med samfunnssdelen i ny kommuneplan i Valle i gang. Prosjektet skal vere i mål innan juni neste år.

- I takt med at me no har starta opp, ynskjer me medverknad og engasjement. Hugs, det er no me skal sjå på kva slag kommune me ynskjer oss i åra som kjem. Kva skal Valle kommune vere? Kvar går vegen? Alle med meininger om dette bør engasjere seg, seier kommunedirektør Vidar H. Homme.

Kay Arne Søgård er leigd inn som prosjektleiar for samfunnssdelen, medan formannskapet i Valle kommune er styringsgruppe.

- Me er no i gang med datainnsamling, mellom anna etter innbyggjarverkstaden i soknehuset i mai, seier han.

- Arbeidet med samfunnssdelen var også tema under næringsfrukosten på Sølvarden hotell nyleg, legg Homme til.

Det er definert fire fokusområde i samfunnssdelen: folkehelse, bulyst, arbeidsplassar og beredskap. Under innbyggjarverkstaden i mai var det mest fokus på dei to første områda - ved seinare høve får også arbeidsplassar og beredskap meir fokus.

- Eg håpar at alle som måtte ha ei mening om arbeidet - og det bør vere dei fleste som bur i kommunen, no engasjerer seg. Me ynskjer og skal leggje til rette for medverknad, og det er noko meir enn fine ord. Når me skal utforme framtidas Valle kommune er det avgjerande at satsinga er forankra hjå dei som faktisk bur i kommunen, seier Vidar H. Homme.

- Eg tek gjerne imot alt frå forslag til spørsmål og synspunkt, og håpar på solid respons, seier Kay Arne Søgård.

Har du meininger eller anna du vil spele inn? Då kan du sende det du har på hjarta til:  
[kay.arne.sogard@valle.kommune.no](mailto:kay.arne.sogard@valle.kommune.no)

## Sender ut spørjeundersøking om hyttebygging i Valle kommune

På oppdrag frå Valle kommune sender no Oxford Research ut ei spørjeundersøking om hyttebygging i Valle kommune. Målet er at alle innbyggjarar skal få sjansen til å svare.

Spørjeundersøkinga utgjer ein del av grunnlaget for ein analyse av ringverknadene av hyttebygging i heile kommunen. Kommunestyret vedtok seint i fjor at det skal utarbeidast ei slik ringverknadsanalyse. Oxford Research har fått oppdraget. Arbeidet skal etter planen vere fullført før sommarferien.

Gjennom spørjeundersøkinga er det meiningsa at innbyggjarane kan kome med synspunkt på hyttebygginga i Valle kommune, så som: Kva er positive og negative økonomiske konsekvensar for kommunen og næringslivet? Kva er positive og negative konsekvensar for kommunale tenester og infrastruktur? Kva er positive og negative konsekvensar for levekår, natur, miljø, landbruk og utmarksforvaltning?

- Dette arbeidet er også ein del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med både kommuneplan og kommunedelplan Brokke, seier kommunedirektør Vidar H. Homme.

Spørjeundersøkinga blir sendt ut på SMS til alle som har registrert telefonnummer i folkeregisteret. Så er altså målet at så mange som råd av innbyggjarane skal svare. For den som ikkje ynskjer å svare digitalt er det høve til å svare på eige papirskjema i Velkomstsenter. - Jo fleire som tek seg tid til å svare, jo betre grunnlag får vi for arbeidet vidare, slår kommunedirektøren fast.

Fristen for å svare på spørjeundersøkinga er **6. juni**.

## Leige av minibuss:

Når du leiger minibussen i Bookup er det viktig at du ikkje vel leigetid lenger enn den tida du skal bruke bussen. Dette er for at fleire skal ha moglegheit til å bruke den i løpet av ein dag.

## **Velkomen til fjellkyrkjestemnet i Skafsåheii Fjellkyrkje 1. pinsedag**

**Kl. 1100: Gudsteneste v/Hallvard Jørgensen**

**Gjest: Tore Thomassen**

Matøkt oppe ved Café Hallbjønn  
Lapskaus med kaffi og kaker kr.  
225,-

Etter matøkta samlast vi i Fjellkyrkja der den kjente trubaduren og visesongaren Tore Thomassen vil gje oss ei munter forestilling.

Hove til å gje ei gave til drift av Fjellkyrkja.

**Velkomen denne pinsedagen!**

Arr: Kyrkja og Fjellkyrkjelaget



valle vaksenkor ønskjer velkommen til  
ny øvingshaust!

Laurdag 6. desember gjentek vi suksessen og vil samle bygdefolk til gratis jolekonsert i Valle kyrkje. Ønskjer du å vere med å skape magisk jolestemning i mørketida?

Det blir øving i Kyrkjestoga/Sæbyggjen desse datoane:

- ❖ Tysdag 9.9 klokka 18.00-20.00
- ❖ Tysdag 23.9 klokka 18.00-20.00
- ❖ Tysdag 7.10 klokka 18.00-20.00
- ❖ Tysdag 21.10 klokka 18.00-20.00
- ❖ Tysdag 04.11 klokka 18.00-20.00
- ❖ Laurdag 08.11 klokka 10.00-14.00 (med lunsjpause)
- ❖ Tysdag 18.11 klokka 18.00-20.00
- ❖ Onsdag 3.12 klokka 17.00 (generalprøve)



Vi ønskjer ALLE songglade voksne hjartelig velkomne til å bli med! Om du vil melde deg på eller har spørsmål kan du ta kontakt med Synne Viki (91809062).

Hjartelig helsing Maija (dirigent), Anna (dirigent), Sigbjørg, Torunn Charlotte og Synne (styret i Valle vaksenkor)

Sit du med ein draum om å delta med ditt eige innslag under jolekonserten? Då vil vi høre frå deg!



## **Valle Radio sendeplan for juni:**

Valle Radio fortset med sending **kvar tysdag fra kl. 18.00**.

11. juni blir **styremøtet i Setesdal Regionråd** på Revsnes hotell sendt på Valle radio kl. 10.00. Teknikar er Jørund Georg Jore.

**Kommunestyremøte:**

Onsdag 25. juni kl. 10.00. Opptak av kommunestyremøtet går og i reprise same kveld frå kl. 18.00.

Utanom dette blir det ikkje onsdagssendingar før til hausten att.



## Program for ONSDAGSKAFEEN i juni

Velkomen til onsdagskafé onsdagar kl. 10.30 på Valle bygdeheim! Her kan du kjøpe middag for ein billig penge, og ofte har vi besøk med underhaldning eller anna.

ONSDAG 4.6: SOSIALT SAMVÆR

ONSDAG 11.6 : HANS INGE FAGERVIK


ONSDAG 18.6: SOMARAVSLUTNING MED TUR



Den kulturelle spaserstokken:

**Valle bygdeheim**

**Onsdag 11.juni kl. 1100**



**HANS INGE FAGERVIK**

Hans Inge Fagervik er tilbake i Valle!

Med seg i sin musikalske koffert har han eigne songar, songar frå ei anna tid og allsong.

Du kan sjå fram til ei stund med mykje humor og varme!

Gratis inngang.

Ondagskafeen startar kl. 1030. Vel møtt!

Arr. Valle kommune

## Tur med ordføraren i Rysstad turpark

Som del av markeringa av Friluftslivets år i 2025 arrangerer Valle kommune Ordførartur sundag 15.juni kl. 16 i Rysstad turpark.

Alle er velkomne til ein triveleg sundagstur med ordførar Lars Tarald Myrum som turleiar.

Enkel servering av mat og drikke.

Meir informasjon kjem i Setesdølen og på heimesida til kommunen.



Velkommen til utstillingsopning

**Løyni** [lɔyni]

Gøymestad i Setesdal

**14. juni kl. 14:00  
Setesdalsmuseet**

Servering av setesdalssuppe

## No kan frivillige organisasjonar søke momskompensasjon

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordele 2,65 milliardar kroner i momskompensasjon til frivillige organisasjonar i 2025.

Føremålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet. Dette blir gjort ved å godtgjere for kostnadar som frivillige organisasjonar har hatt til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

Organisasjonen må vere registrert i Frivilligregisteret, og frivillig innsats må vere ein viktig del av verksemda for å söke.

### Søknadsfristen er 1. september 2025.

Det kan sökast etter to modellar. Minstegrensa for å söke etter *forenkla modell* er 100 000 kroner i søknadsgrunnlag, og etter *dokumentert modell* er det 7 000 kroner i faktiske meirverdiavgiftskostnader. Grensene gjeld ikkje for organisasjonar som skal söke gjennom sentralledd.

**Merk:** Organisasjonar som er knytt til eit sentralledd (for eksempel Norges idrettsforbund, Norske Kvinners Sanitetsforening eller liknande) skal sende søknaden via dei. Sentralledda har eigne søknadsfristar som er tidlegare enn Lotteri- og stiftelsestilsynet sin frist.

[Les meir om ordninga på Lotteri- og stiftelsestilsynet sin nettstad.](#)

HUGS å sende informasjon om arrangement og aktivitetar til oss på [sentralbord@valle.kommune.no](mailto:sentralbord@valle.kommune.no), så legg vi det inn i aktivitetskalenderen på heimesida til Valle kommune!

## KYRKJA I JUNI

### Valle kyrkje

**Laurdag 7.juni kl. 11.00**

**Konfirmasjonsgudsteneste**

v/ Kristian Mosvold.

**Konfirmantar:**

Ulvar Eirik Slaby Driel, Birk Kjørmo, Åsne Viki.

**Tysdag 10. juni kl. 18.00 Bøn for verda**

– open kyrkje v/ organist Eirik Hodnemyr og diakon Åse Gudrun Thortveit.

**Torsdag 26. juni kl. 19.30 Orgelkonsert**

v/ domkantor Elisabeth Lutcherat og Kari Ingelsrud, klarinett. Gratis inngong, men det er mogleg å gje ei gåve til det kyrkjemusikalske arbeidet.

### Valle bygdeheim

**Onsdag 11. juni kl. 12.00 Andakt.**

### Bykle gamle kyrkje

**Sundag 22. juni kl. 11.00 Gudsteneste**

v/ Per Emanuelsen og Per Inge Vik.

Song Rønnaug Torvik.

### Kyrkjegarden

Kyrkjeverja minner om at det er den som festar grav som er ansvarleg for gravminne og at den er retta opp og sikra.

**Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.**

**Kyrkjekontoret i Valle,**

**tlf. 977 84 706,**

**e-post: post@valle.kyrkja.no**



**DEN NORSKE KYRKJA**

Valle og Hylestad sokn

*Meir himmel på jorda*

## Bispevegmarsjen, laurdag 2. august



Bispevegmarsjen er i underkant av ein 30 km lang turmarsj som går frå Fyresdal til Valle. Marsjen tek deg opp på 1100 meters høgde. Turen startar ved Nøs før Øysædammen i Fyresdal og avsluttast ved klubbhuset til Valle IL ved fotballbanen. Det er eit flott heiemråde med variasjonar frå frodige skogslier og myrområde til høgfjellsområde.

Ein må vere i såpass god form at ein klarer å gjennomføre turen innan kl. 18.00. Ha med niste og drikke då det ikkje er matstasjon undervegs. Det vert enkelt matsal i målområde.

Busstransport frå Valle skule kl. 06:30.

Buss:	Vaksne, kr. 300,-
	Barn t.o.m. 16 år, kr. 200,-
Startkontingent:	Vaksne, kr. 150,-
	Barn t.o.m. 16 år, kr 100,-

### FINE TREKKPREMIAR TIL DEI SOM GÅR MARSJEN

Valle IL sender betalingskrav til påmeldte i etterkan.

Påmelding på denne linken: <https://forms.office.com/e/j5Y8zBWR1H>

Eller QR-kode



Arrangør: Valle IL og Fyresdal IL som ynskjer deg velkommen til ein flott dag over fjellet.

**VELKOMEN TIL**

# **HELGEOPEN IDRETTSHALL**

**FREDAGAR KL. 15-20, LAURDAG-SUNDAG KL. 08-20**

**Trivselsreglar:**

- Alle ryddar etter seg sjølve og dei som dei er saman med.**
- Alle kan også rydde etter andre dersom det trengst, for hallen må vere rydda når dørene stenger.**

Eitt av utstyrslagera er ope og kan nyttast når det er meiopen (ubemann) idrettshall.  
Hugs: «Det eg har brukt, skal eg legge på plass.» Også sjølv om nokon andre allereie hadde henta fram utstyret før du kom.

To garderobar/toalett vil vere opne. Fint om alle bidreg til å halde det ryddig der også!

**Barn under 12 år skal vere i følgje med vaksen.**

Tlf. nr. teknisk vakt: 970 03 800



## **Barnas fjellsommar!**

Tilbodet går primært til alle barn i aldersgruppa 1.-7. klasse i Setesdal.

Førskulegruppene er også velkomne.

Gratis - Inga deltakaravgift.

**Påmelding innan 16. juni via formsskjema:**

<https://forms.office.com/e/xqJZnQm9Ri>

eller QR-kode:



**NB! Sjekk oppmøteplass - dette varierer fra dag til dag denne veka, slik at barna kan oppleve aktivitetar fleire stader i kommunen!**

**Informasjon (gjeld alle dagane):**

Kle dykk etter veret, hugs solkrem!

Bratt Norge og Bratt ung kjem til å ta bilete undervegs til bruk i sosiale media. Setesdølen kjem truleg og. Gje beskjed ved påmelding dersom ditt barn ikkje skal vere med på bileta. Dersom du har spesielle behov m.o.t. mat tek du med eiga niste.

**Fullt program ligg i aktivitetskalenderen på Valle kommune si heimeside.**





# Bygdekinoen

Pga. pinse er det ikkje kino i juni. Kinoen statar opp att måndag 18.august.



## OPNINGSTIDER VALLE BIBLIOTEK

### SOMMAREN 2025:

Måndag til fredag

23. juni til 16. august

kl. 10.00-15.00

## TYSDAGAR I VALLE BIBLIOTEK

Kl. 17.00: Brettspel på biblioteket. Vi spelar forskjellige brettspel. Alle er velkomne!

## TORSDAGAR I VALLE BIBLIOTEK

Kl. 1700-1800: Song for alle.

Uformell songstund for vaksne som liker å synge.

Kl. 1800-1930: Språkkafé.

Vi pratar, spelar spel, drikk kaffi/te med meir.



Frist for innsending til Bygdenytt  
for juli og august er 20. juni.

## Kva skjer? Aktivitetskalenderen - Valle kommune

04.06. Kl. 1030.	Onsdagskafeen—sosialt samvær, Bygdeheimen
07.06. Kl. 11.	Konfirmasjonsgudsteneste, Valle kyrkje
08.06. Kl. 11.	Fjellkyrkjestemnet, Skafsåheii fjellkyrkje
10.06. Kl. 18.	Bøn for verda, Valle kyrkje
11.06. Kl. 11.	Konsert med Hans Inge Fagervik, Valle bygdeheim
11.06. Kl. 12.	Andakt, Valle Bygdeheim
14.06. Kl. 14.	Utstillingsopning - Løyni, Setesdalsmuseet
15.06. Kl. 16.	Tur med ordføraren, Rysstad turpark
16.06. Kl. 18.	Medlemsmøte i Norsk Folkehjelp Setesdal, Valle brannstasjon i Øyne
18.06. Kl. 1030.	Onsdagskafeen, sommaravslutning med tur (informasjon kjem)
22.06. Kl. 11.	Gudsteneste, Bykle gamle kyrkje
23.06. Kl. 09.	Barnas fjellsommar, Bratt ung
24.06. Kl. 09.	Barnas fjellsommar, Bratt ung
25.06. Kl. 09.	Barnas fjellsommar, Bratt ung
26.06. Kl. 09.	Barnas fjellsommar, Bratt ung
25.06. Kl. 10.	Kommunestyremøte, Valle Radio
26.06. Kl. 1930.	Orgelkonsert, Valle kyrkje
28.06. Kl. 10.	Sentrumsfrukost, Valle sentrum
28.06. Kl. 14.	Vallemila/sentrumsløp, Valle sentrum